

Omsorgsbustader på KV-tomta?

15.05.2013



Slik ligg KV-tomta i dag

Kommunen har lyst ut bygging av 12 omsorgsbustader og KV i Uskedalen har sendt inn tilbod. Bustadane skal eventuelt liggja i nybygget og dagleg leiar Tor Vidar Sæle er entusiastisk til tanken. Tilbodet til omsorgspersonar kan i så fall utvidast. Får KV tilslaget kan dei starta straks med det byggjesteget som etter planen skulle ha vore igang,

Det er no 3 år sidan KV kjøpte 1,5 dekar av Endregård og klargjorde den til bruk for vedproduksjon og pallelager i første omgang. Det har trukke ut med nybygget utan at det har vore nokon bestemt framdriftsplan.

Det skal reisast i 3 høgder med næringsareal og kontor i dei 2 lågaste og husvære øverst. Prosjektet kjem på over 20 millionar og KV er avhengig av ei god finansiering, til dømes i samband med husværa.

Foto Ola Matti Mathisen